

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 21.09.2023**

Dok. ref.:		Møtedato/ Tid:	21.09.23 18:00
Stad:	Kolltveit skule	Møtenr.:	3/2023
Referent:	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
Til stades:	Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Odd Erik Kjeldstad, Anne Haugro, Anne-Lise Hjartåker, Evi Solttun, Niclas		
Forfall:	Kristina Onstad Sangolt, Sølvi Kobbeltvedt		

SAKSLISTE

Tema	Saker	Oppfølg.
Faste saker		
Saker frå skulen	<p>Foreldrekveld 7. november: Rektor informerte om planlagt foreldrekveld 7. november. Det er gjort avtale med barnevakta som kjem til skulen og skal ha eit opplegg med elevane frå 3.-7. trinn på dagtid, samt føredrag for foreldra på kvelden. Etter føredraget i gymsalen blir foreldra delt trinnvis for diskusjon. Skulen tek ansvar for organisering av arrangement, samt informasjon. Rektor tek kontakt med Fau dersom det blir behov for hjelp i samband med arrangementet.</p> <p>Ombygginga og behov for ytre vedlikehald: Ombygginga er inne i siste fase for no held de på med tilfluktsrom og skulekjøken. Dei er litt forseinka og alt blir ikkje ferdig til haustferien. Det vil stå att arbeid i samband med trappeheis og rekkverk ved trappen ned til tilfluktsrommet. Det fører til at inngongsparti ikkje er sikra godt nok til å kunna opne opp for ordinær drift. Vi kan heldigvis gjennomføre opninga som planlagt 20. oktober, men vi må utsetje å opne opp for utleige. Det er behov for ytre vedlikehald og Rektor har vore på møte med eigedomssjef om saka. Kommunen skal i gong med ein tilstandsundersøking på skulane som vil ta tid og det vil truleg ikkje bli gjort noko større arbeid på skulen før dette er ferdig. Et er semje om at det trengs vedlikehald på Kolltveit skule.</p> <p>Opning av skulen og open skule for foreldra. Skulen planlegg for eit opningsarrangement 20. oktober. Ordførar er invitert og har takka ja til å opne skulen. Rektor har invitert tidlegare leiing, sjefane i kommunen og viktige samarbeidspersonar til opninga. Det vil bli ei samling saman med elevane i gymsal med underhaldning og snorklipping. Vidare avduking av kunstverk flytta frå Ekerhovd skule. Etter det blir det servering for inviterte gjester på personalrommet. Frå kl 1145 blir det open skule for foreldre og andre som ynskjer å kome og sjå på skulen.</p>	Rektor

<p>Saker frå FAU</p>	<p>Halloween 27. oktober. Fau planlegg Halloweenfest for 5.-7. trinn 27. oktober. Rektor sjekkar om det let seg gjere å gjennomføre arrangementet sølv om det ikkje er klart i gymsalen, men med eventuelle sikringstiltak.</p> <p>Dugnad frå fau. Fau ynskjer å gjere nokre utbetringstiltak på ballbingen. Dei ynskjer og å få montert Basketballkurv ved gymsalen. Rektor sjekkar med eigedom/drift om Fau har anledning til å gjere den type arbeid på eiga hand.</p> <p>Skulen ynskjer ein utstyrsbod til uteleikar/utstyr og ber Fau om midlar til dette. Fau er positiv og skulen vil sjekka ut kva som er aktuelt etter at byggeperioden er over.</p> <p>Blir gymsalen merka? Det er ikkje planlagt tiltak i gymsalen i samband med prosjektet. Rektor vil høyre med drift om kva dei tenkjer om saka.</p> <p>Kva for rom får fau? Fau vil få eit rom til sitt utstyr, men må truleg flytta sitt utstyr til eit anna rom på skulen. Vi kjem tilbake til kva rom som er aktuelt.</p> <p>Juleavslutningar. 4. kveldar 1.-2. trinn, 3.-4. trinn, 5.-6. trinn og 7. trinn. Skulen set opp datoar. Det er og ynskjeleg at skulen set opp datoar for sommaravslutning.</p> <p>Foreldremøte på våren. Kva profil får foreldremøte til våren. Det er ynskjeleg med ei anna profil enn berre eit informasjonsmøte. Rektor ynskjer ein trivselsfremjande profil på desse møta, men vi kjem tilbake til innhald/organisering når det nærmar seg. Fau etterlyser foreldrekontakt på 3. trinn. Vi sjekkar ut og gir tilbakemelding.</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor/ FAU</p> <p>Rektor/ Fau</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p>
<p>Saker frå Elevrådet</p>	<p>Ønske om nye fotballar og kanonballar. Det vil bli kjøpt inn nye ballar i løpet av kort tid. Rektor ynskjer eit system for utlån/innlevering som må koma på plass når uteboden står klar.</p> <p>Nye fotballnett. Elevane ynskjer nye nett til måla, noko vi må sjå på når byggeperioden er over.</p> <p>Meir praktisk læring. Elevane ynskjer meir praksisretta undervisning for dei meiner at det vert for mykje stillesitting i klasseromma. Då særleg i naturfag og koding. Rektor meiner den type organisering er i tråd med fagfornyinga og at skulen planlegg å kjøpa inn utstyr som kan nyttast i samband med slik undervisning. Men det vil ta noko tid av økonomiske grunnar.</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p>

	<p>Nye slåballkøller. Elevane ynskjer nye køller til slåball. Det må vi sjå på- eventuelt om vi kan laga på sløyden når den er klar.</p> <p>Bestilling av sjokomjølkk og eplejuice. Elevane ynskjer å kunna ha fleire val enn å berre bestilla mjølk. Rektor seier det vil bli utfordrande for skulen å administrera, samt at skulen ikkje ynskjer usunne alternativ for elevane. Ei alternativ løysing blir å arrangerer elevkantine innimellom. Fau og elevrådet kan bidra til organiseringa. Rektor meiner elevkantine ikkje er i strid med gratisprinsippet.</p>	<p>Elevrådet</p> <p>Rektor Elevråd Fau</p>
<p>Saker frå SFO</p>	<p>Ingen saker frå SFO</p>	